



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref.
14/3576

Vår ref.
15/1461 - TJU

Dato
12.05.2015

Høyring – Endringar i matrikkelforskrifta

Vi viser til brev 12. februar 2015 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet med vedlegg.

Justis- og beredskapsdepartementet har følgjande merknadar:

I framlegget til endringar i matrikkelforskrifta er dei ulike paragrafane som skal endrast, delte inn i delane I og II, ut frå når endringane skal ta til å gjelde. Ei endringsforskrift skal ikkje setjast opp på ein slik måte. Endringar i ei og same forskrift skal setjast opp samla innanfor same del av endringsforskrifta (romartal), og det skal heller ikkje seiast at «Romertall I» osv. tek til å gjelde. Inndelinga i utkastet må såleis fjernast, og i ny del II må det gå tydeleg fram når dei ulike føresegnene i forskrifta tek til å gjelde. Dette kan setjast opp slik:

«

II

Forskriften trer i kraft straks.

Endringene i matrikkelforskriften §§ 2, 3, 7, 10 og 19, § 33 andre ledd, § 38 andre ledd og §§ 46, 47, 48 og 54 trer likevel i kraft 1. januar 2016.»

I framlegget til nytt § 27 fjerde ledd fyrste punktum i matrikkelforskrifta er det sagt at kravet om at det skal liggje føre løyve etter plan- og bygningslova ikkje gjeld når «eiendomsutformingstiltaket» er ein del av eit anlegg eller liknande som er omfatta av unntak frå krav om søknadsplikt. I merknadane til føresegna er det sagt at departementet føreslår å presisere i forskrifta at unntaket frå søknadsplikta etter plan- og bygningslova òg omfattar den delen av tiltaket som gjeld eigedomsutforminga. I lys

av dette blir det underleg og noko misvisande å prate om eigedomsutforming som ein eigen tiltakskategori. Formuleringa i utkastet gjev dessutan inntrykk av at eigedomsutformingstiltak er omtala tidlegare i paragrafen, noko det ikkje er. Vidare tilseier utkastet til § 27 fjerde ledd fyrste punktum at det er tilstrekkeleg at sjølve tiltaket er avklara på annan måte gjennom plan, konsesjon, løyve eller godkjenning etter andre lover, medan merknadane viser til eigedomsutforminga på dette punktet. Det bør presiserast i forskrifta kva som meint her. Vi tilrår difor at § 27 fjerde ledd fyrste punktum blir utforma slik:

«Kravet om tillatelse etter plan- og bygningsloven gjelder ikke for matrikulering av eiendomsutforming som inngår i tiltak som er unntatt fra kravet om søknadsplikt etter plan- og bygningsloven, dersom tiltaket og eiendomsutforminga er godkjent gjennom plan, konsesjon eller tillatelse eller godkjenning etter annen lov.»

Vi er vidare usikre på kva som er meint med framlegget § 27 fjerde ledd andre punktum, som seier at «Øvrige krav til dokumentasjon gjelder». Omfattar dette noko meir enn det som er nemnt i framlegget til tredje punktum? Det bør vurderast om det er behov for denne føresegna om andre krav til dokumentasjon, og om desse eventuelle andre krava til dokumentasjon kan fastsetjast direkte i forskrifta.

I framlegget til § 27 femte ledd er det sagt at ny grunneigedom m.m. kan opprettast i samsvar med matrikkellova § 9 fyrste ledd bokstav b til h, sjølv om ikkje «alle vilkårene etter matrikkellova § 10 andre ledd foreligger». Sidan matrikkellova § 10 andre ledd berre seier at «Ny matrikkeleining kan berre opprettast når det er klart kva for matrikkeleining eller matrikkeleiningar den nye eininga blir utskilt frå eller oppretta på», er det i røynda berre tale om eitt vilkår her. Ordet «alle» gjev såleis lite meining og bør fjernast frå framlegget til § 27 femte ledd.

Paragrafteikn og -nummer er ikkje ein del av paragrafoverskrifta og skal ikkje vera med når ein siterer ei paragrafoverskrift, jf. framlegget til endringar i § 7. Paragrafoverskrifter skal dessutan alltid stå i kursiv, uavhengig av om dei blir endra eller ikkje. Vi gjer endeleg merksam på nokre skrivefeil i framlegga til § 10 andre ledd tredje punktum, § 18 andre ledd fjerde punktum og § 40 tredje ledd.

Med vennleg helsing

Harald Aass
fagdirektør

Toril Juul
seniorrådgjevar